

Byggmester Nils J Solend AS
Stølen 12
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5721 - 21/59365

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
09.09.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 239/94 Eknes ytre

Tiltak: Einebustad
Byggjestad: Gbnr: 239/94
Tiltakshavar: Vidar Fjell-Solend
Ansvarleg sækjar: Byggmester Nils J Solend AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.06.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonkart som viser tiltakets høgdeplassering på eigedommen, gitt ved kotehøgde. Dette gjelder både hus og garasje. Kartet må også vise plass til parkering på egen grunn, og snuplass. I tillegg må det teiknast inn siktelinje ved tiltenkt ny veg inn på sjølve eigendommen.
2. Terrengsnitt/ profil som viser nytt tiltak, samt bygningsmasse på naboeigedomen ovanfor.
3. Forhold og rettigheter som angår opparbeiding av ny veg må avklarast, og gjerast greie for. Sækjar må dokumentere rettigheter som angår vegrett til ny tilkomst.

I følgje føresegner og retningsliner for området, kommuneplanen punkt 2.4.2 «Veg og transport», skal avkøyrslar til private vegar tilfredsstille dei same tekniske krav til utforming og fri sikt som er sett for avkøyrslar til offentlege vegar.

Det må derfor sækjast om følgjande:

- Avkøyringsløyve frå kommunal veg.
- Dispensasjon frå føresegnene om tilkomst.

Vidare vil kommunen tilrå sækjar om å vurdere plassering av tiltaket i sin heilskap. Slik dette er illustrert no, vil siktelinjer i forbindelse med ny veg inn på eigendommen beslagleggje deler av nabo ovanfor sin grunn. I tilfelle må det sækjast vedkommande om løyve til dette.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla til kommunens postmottak, innan 08.10.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Cathrine Fjell Solend	Hindenesvegen 201	5993	OSTEREIDET
Vidar Fjell-Solend	Hindenesvegen 201	5993	OSTEREIDET

Mottakarar:

Byggmester Nils J Solend AS	Stølen 12	5911	ALVERSUND
-----------------------------	-----------	------	-----------